

Oppdrettskonsesjonar på Vestlandet

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert utarbeidd eit brev frå Vestlandsrådet til Kyst- og fiskeridepartementet basert på følgjande punkt:
 - Vestlandsrådet har registrert at fylka på Vestlandet i avgrensa grad vart til godesett med nye løyver for laks og aure i sjøvatn i 2009, og at eit større område i Ryfylke og store delar av Hordaland er føreslegne som unntaksområde ved tildelinga i 2010. Vestlandsrådet er samd i at ein bærekraftig filosofi framleis må gjelde. Ei auke i produksjonskapasiteten på 5% i Ryfylke og Hordaland vert ikkje oppfatta som å bryte med en slik filosofi.
 - Vestlandsrådet er uroa over negative konsekvensar på kort sikt for verksemdene som er etablert i unntaksområda, med manglane vekst og utviklingsmogeligheter. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt.
 - Vestlandsrådet har merka seg at nye dei forvaltningstiltaka inneheld stans i tildeling eller andre avgrensingar i høve til klarering av lokalitetar utan at varigheit er tilstrekkeleg kjent. Vestlandsrådet vil påpeike at alle tiltak må gjerast mellombels og med ein fastsett tidshorison, og alle mellombelse ordningar må følgjast opp av eit klart definerte overvåkings- og evalueringsprogram.
 - Vestlandsrådet er av den oppfatning at verksemdene som blir ramma av nye forvaltningstiltak bør få straks erstatning eller andre fortrinn. Til dømes kan tenkast at staten bør bidra med å dekke kostnader, at verksemdar i slike områder kan gjevast ei fortrinn ved seinare tildelingsrundar, og at innretningar som seier at dei kan ta i bruk nye løyve eller ny produksjonskapasitet når miljøtilhøva tilseier at dette er forsvarleg, får fortrinnsrett.
 - Vestlandsrådet registrer at utviklinga mot ei innføring av eit arealliknande vern i fleire område. Sjølv om grunngjevinga for dette kan vere ulik frå område til område, så set ein inn tiltak som på mange måtar kan ivaretaast gjennom eksisterande eller vidare utvikling av allereie etablerte tilsyns- og forvaltningsregime. Vestlandsrådet er av den meining at ein bør styrke dette arbeidet i staden for å innføre nye forvaltningsregime i utvalde område. På denne måten vil naudsynte tiltak kunne verte meir målretta mot det som er hovudutfordringa i eit område. Vestlandsrådet er uroa for at ein får ei utvikling med stadig fleire områder langs kysten med eigne forvaltningsregime.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn for saka

Rogaland og Hardangerfjorden har ikkje fått nye løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøvattn i tildelingsrunda for 2009. For 2010 tildelingsrunda ligg det framlegg om at store område i Ryfylke og største delen av Hordaland er unnateke.

I AU i Vestlandsrådet vart det gjort framlegg om at det vert utarbeidd ei eiga sak til Vestlandsrådet og at det vert sendt eit eige brev til Kyst- og fiskeridepartementet om oppdrettskonsesjonar på Vestlandet.

Fakta

I forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogaure i sjøvattn i 2009 av 12.03.2009 vart det utlyst 65 løyver på landsbasis. Den geografiske fordelinga var null i Rogaland, 5 i Hordaland, 5 i Sogn og Fjordane, 5 i Møre og Romsdal. Dei resterande 45 vart utlyst i fylka nord for Møre og Romsdal. I tillegg var det utlyst 5 økologiske løyve som ikkje var geografisk fordelt, og desse kunne soleis omsøkast i heile landet.

I pressemelding 07.11.2008 frå Fiskeri- og Kystdepartementet vart det gjeve følgjande grunngjeving for tal løyve som skal tildelast og den geografiske fordelinga av desse:

"Departementet har, i vurderinga av kor mange løyve som skal tildelast i 2009, sett på omsynet til berekraftig vekst, medrekna miljø- og fiskehelseomsyn, marknadsutviklinga sidan 2005 og vidare marknadsutsikter og utviklinga hos andre store produsentland. Dei 65 nye løyva tilsvare ei auke i produksjonskapasiteten på om lag 7 ... Regjeringa har vurdert den regionale fordelinga av løyva med utgangspunkt i miljømessig berekraft og distrikts- og næringspolitiske omsyn... På grunn av den rådande miljø- og sjukdomssituasjonen meiner regjeringa at det bør tildelast relativt få løyve på Vestlandet og at dei som blir tildelte mellom anna blir nytta til å endre lokalitetsstrukturen for å betre sjukdomssituasjonen."

Med bakgrunn i Fiskeri- og Kystdepartementet sin instruks til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet av 08.04.2008 om særskilde forvaltningstiltak i Hardangerfjorden var virkeområde for denne forskrifta i realiteten utelukka ved tildelingsrunden 2009, og det vart ikkje tildelt nye løyve i dette område i tildelingsrunden 2009. Hardangerfjordinstruksen er grunngjeve ut frå fire hovudomsyn:

- Fjordområdet bæreevne
- Forhold knyt til fiskehelse og parasitter
- Viltlevende stammar av laks og sjøaure
- Næringa sin langsiktige utviklingsmoglegheiter

Framlegg til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden er på høyring no.

Fiskeri- og Kystdepartementet sende den 13.10.2009 på høyring framlegg til forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2010. I denne har regjeringa mellom anna bestemt at:

- Indre Ryfylke – kommunane Sandnes, Gjesdal, Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Vindafjord, samt østre deler av Finnøy kommune, unntas av hensyn til risiko for overgjødning og sykdomsfare.
- Sunnhordland og Midthordland – Unntas av hensyn til total belastning, herunder utfordringer i Hardangerfjorden og sjukdomssituasjonen, luseresistens osv. Området

omfatter hele Hardangerfjorden (inklusive nordre del av Ølen – Vindafjord) og fjordsystemene som grenser til Nordhordland.

- Nasjonale laksefjorder – 29 nasjonale laksefjorder unntas av hensyn til særlig verneverdige laksestammer.

Den 13.10.2009 var det med verknad frå same dato fastsett forskrift om særskilde tiltak i enkelte områder for akvakulturrelatert verksemd. Virkeområdet til denne forskrifta er unntaksområda i framlegg til forskrift om kapasitetsauke i lakse- aureoppdrett i 2010. Føremålet med forskrifta er å hindre oppbygging av produksjonskapasitet i virkeområdet til forskrifta og å bidra til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa.

Det er vidare på høyring framlegg til nye regler om torskeoppdrett. Her er det mellom anna lagt inn framlegg om forbod mot klarering av lokalitetar til torskeoppdrett i det geografiske virkeområdet til Hardangerfjordforskrifta. Framlegget er grunngeve med dei særskilde tiltaka for å handtere miljøtilstanden i fjordområdet, samt lakseoppdrettsnæringa sitt arbeid med betring av lokalitetsstrukturen i området.

Vurdering av konsekvensar

Forskriftene og framlegga til forskrifter som det er gjort greie for over, vil medføre at Vestlandet ikkje får tilgang til den auka produksjonsveksten på same måte som regionane lenger nord i landet i form av tilførsle av nye løyver i 2009 og 2010.

Vi er kjent med at områder på Vestlandet har utfordringar i høve til miljø- og fiskehelseomsyn, og at det vert arbeida særst aktivt for å løyse dette, både frå næringa, forvaltninga og forskingsmiljøa. Dette er eit viktig arbeid som det må støttast opp under, og som må prioriterast i åra framover. Det at havbruksnæringa er og vert sett på som berekraftig er særst viktig for den vidare utviklinga av næringa.

Den geografiske fordelinga av nye løyve til matfisk av laks og aure i 2009 og framlegget for 2010 må kunne sjåast på som ein del av arbeidet med å gjere havbruksnæringa meir berekraftig i høve til miljø- og sjukdomssituasjonen. Grunngevinga for at ein ikkje kan auke produksjonen i områder med utfordringar i høve til miljø- og fiskehelse før desse er avklara, er gode. Samstundes er det viktig å sjå framover og ha med seg at desse utfordringane truleg lar seg løyse. Då er det viktig at verksemdene, som er etablert i desse områda, ikkje blir så skadelidande at dei ikkje er i stand til å ta del i framtidig vekst utvikling. I denne samanheng vil vi påpeike at slik tildelingane av nye løyve til laks og aure i 2009 og 2010 er innretta på Vestlandet, vert einskilde verksemdar og geografiske områder hardt ramma. Konsekvensane på kort sikt er openbart negative med manglane vekst og utviklings mogeligheter i områder der verksemdene er etablert. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt.

Regjeringa legg opp til at dette forvaltningsregime skal vare inntil tilstanden til miljøet er tilfredstillande, og det vert i den samanheng vist til Regjeringa sin strategi for ein miljømessig berekraftig havbruksnæring, og at styresmaktene vil arbeide for å finne eigna indikatorar og effekt mål som kan gje grunnlag for å vurdere når miljøforholda i områda igjen kan forsvare auka oppdrettsproduksjon. Det kan vere uheldig og lite forutsigbart å innføre mellombelse ordningar utan ein meir fastsett tidshorisont. Det bør kunne la seg gjere å vere meir konkret i høve til kor lenge dette skal vare. I område som til dømes er føreslegne unnateke frå tildelingsrunden 2010 bør dette gjelde for denne tildelingsrunden. Det må vidare kunne la seg gjere å sette opp evalueringsprogram i høve til tiltaka, samt at trong for overvakingsprogram blir vurdert.

Verksemder som har deler eller heile drifta si i områder som ikkje får ta del i produksjonsveksten vert naturleg nok skadelidande og får ikkje utvikla verksemda si på same måte som aktørar i områda utafor. Nokre verksemder kan bli nøydde til å flytte heile eller delar av produksjonen sin. Dette vil medføre ekstra kostnader. Det bør kunne vurderast at desse får ein eller annan form for straks erstatning eller andre fortrinn. Til dømes kan det tenkast at; staten bør bidra med å dekke kostnader, verksemder i slike områder kan gjevast ei fortrinn ved seinare tildelingsrundar, og innretningar som seier at dei kan ta i bruk nye løyve eller ny produksjonskapasitet når miljøtilhøva tilseier at dette er forsvarleg.

Stortinget fatta den 15.05.2007 vedtak om nasjonale laksevassdrag og fjordar. Føremålet var å gje eit utval av dei viktigaste laksestammene eit særskild vern mot inngrep og aktivitetar, og mot oppdrettsverksemd i dei nærliggjande fjord- og kystområda. Framlegget om eigen forskrift om særskilde vilkår i Hardangerfjorden og to store område i Rogaland og Hordaland som er unnateke tildelingsrunden 2010 har mykje av den same grunngevinga, i tillegg kjem miljø- og fiskehelse utfordringane. Det kan sjåast på som uheldig at det på mange måtar er under etablering nye regime mot oppdrettsverksemd få år etter at den mangeårige laksefjordsaka er vedteken.

Laksefjordvedtaket og dei nye føreslegne unntaksområda mot vidare utvikling av oppdrettsnæringa kan sjåast på som eit arealvern. Det bør gjerast tiltak for å betre miljøsituasjonen der det er dokumentert at tiltak er naudsynt. Tiltaka som vert sett i verk bør vera så målretta som muleg opp i mot det som vert definert som utfordringa. Det bør diskuterast om omsyna som skal ivaretakast kan takast hand om gjennom eksisterande regelverk eller vidare utvikling av dette. Aktuelt regelverket i denne samanheng er akvakulturlov, matlov og forureiningslov med tilhøyrande forskrifter. Innføring av eigne regime i nokre områder kan soleis og oppfattast som berre ei forsterking av gjeldane regelverk. Det bør vurderast om ikkje trongen for innføring av nye forvaltningstiltak kan gjerast meir målretta innanfor gjeldane regelverk. Ein kan sjå for seg at ei utvikling mot at stadig nye områder vert underlagt eigne forvaltningsregimer, og at dette vil spreie seg til andre områder enn dei som er aktuelle no.

Framlegg til vedtak

Det vert utarbeidd eit brev frå Vestlandsrådet til Kyst- og fiskeridepartementet basert på følgjande punkt:

- Vestlandsrådet har registrert at fylka på Vestlandet i avgrensa grad vart til godesett med nye løyver for laks og aure i sjøvatn i 2009, og at eit større område i Ryfylke og store delar av Hordaland er føreslegne som unntaksområde ved tildelinga i 2010. Vestlandsrådet er samd i at ein bærekraftig filosofi framleis må gjelde. Ei auke i produksjonskapasiteten på 5% i Ryfylke og Hordaland vert ikkje oppfatta som å bryte med en slik filosofi.
- Vestlandsrådet er uroa over negative konsekvensar på kort sikt for verksemdene som er etablert i unntaksområda, med manglane vekst og utviklings mogeligheter. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt.
- Vestlandsrådet har merka seg at nye dei forvaltningstiltaka inneheld stans i tildeling eller andre avgrensingar i høve til klarering av lokalitetar utan at varigheit er tilstrekkeleg kjent. Vestlandsrådet vil påpeike at alle tiltak må gjerast mellombels og

med ein fastsett tidshorisont, og alle mellombelse ordningar må følgjast opp av eit klart definerte overvakings- og evalueringsprogram.

- Vestlandsrådet er av den oppfatning at verksemdene som blir ramma av nye forvaltningstiltak bør få straks erstatning eller andre fortrinn. Til dømes kan tenkast at; staten bør bidra med å dekke kostnader, verksemdar i slike områder kan gjevast ei fortrinn ved seinare tildelingsrundar, og innretningar som seier at dei kan ta i bruk nye løyve eller ny produksjonskapasitet når miljøtilhøva tilseier at dette er forsvarleg.
- Vestlandrådet registrer at utviklinga mot ei innføring av eit arealliknande vern i fleire områder. Sjølv om grunngevinga for dette kan vera ulik frå område til område så set ein inn tiltak som på mange måtar kan ivaretaast gjennom eksisterande eller vidare utvikling av allereie etablerte tilsyns- og forvaltningsregime. Vestlandsrådet er av den oppfatning at ein bør styrka dette arbeidet i staden for å innføre nye forvaltningsregime i utvalde områder. På denne måten vil naudsynte tiltak kunne verta meir målretta mot det som er hovudutfordringa i eit område. Vestlandsrådet er bekymra for at ein får ei utvikling med stadig fleire områder langs kysten med eigne forvaltningsregime.